## Matgleder på Feet

04.02.2012




Slik blir Elins Matgleder - skisse frå søknaden

**Elin og Geir Enes skal byggja ein driftsbygning for matproduksjon på 95 kvadratmeter i halvanna høgd på Nedre Feet og no har dei sendt søknad til kommunen.**

**Elins Matgleder blir namnet og det føreligg ingen merknader frå naboar eller gjenbuarar.**

**Det blir opplyst i søknaden at det bllir storkjøkken, butikk, lager og kontor. Hensikten er å utvide drifta på garden med catering og sal av gardsmat frå eigen butikk.**

Korkje høgspent kraftledning eller vatn og kloakkleidningar er i konflikt med prosjektet.

Kommunen sin administrasjon har ein positiv haldning til ny avkøyrsle, Reguleringsføremålet er LNF og anlegget skal liggje like ved løa.

Blant dei som har gjeve sitt samtyke til anlegget er Rita Schneider Romondou på Kapteinsgården

Av Ola Matti Mathisen